



Uskedalen har tydelegvis aukande vind i segla som besøksmål.

I dag har 35 frå ingeniøravdelinga i Aker Elektro på Stord vore på bussrundtur i dalen.

I tillegg har dei sett det nye kraftverket i Blåfalli og vore på puttballbana i Rosendal.

Det er vanleg at avdelinga tek ein slik sosial tur, men det er første gong dei er i Uskedalen, fortel Tore Mathiesen til uskedalen.no.

Det er han som står bak og som har leia turen. Mathiesen er sjølv uskedeling og bur på Musland og no har han vore Aker-ansatt i 17 år.

Eit tettpakka program starta med guiding i sentrum ved Kristian Bringedal, som også var med opp dalen til Friheim Gardsmat. Kalkstasjonen var eit anna stopp-punkt.

Programmet vart avslutta med middag på Dønhaug Gjestegard og alle var svært godt fornøgde med turen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)